

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE-049, HistSak-14/1045, HistSak-12/430, TI-&02	21/494

Saknr	Utval	Type	Dato
025/2023	Formannskapet	PS	27.04.2023
057/2023	Formannskapet	PS	05.06.2023
009/2023	Ungdomsrådet	PS	13.06.2023

Klage på vedtak i sak 003/2022 om utemiljø og støy ved Sandnes skule

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Synfaring 06.02.2023	14.03.2023
Reguleringsplan kart Sandnes skule	14.03.2023
Kart for plassering leikehytter	14.03.2023
Klage på vedtak FS 003/2022 - utemiljø og støy ved Sandnes skule	27.02.2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Klagen dagsett 26.02.2023 frå Leif Bjarne og Marit Haukeland vert delvis teke til følge ved at det vert etablert ein støydempende vegg/ støyskjerm langs den delen som vender mot bustaden.

Leikehytta nærast klagar sin eigedom vert ikkje flytta. For å redusera eventuell støy skal taket på innsida av denne hytta verta kledd med støyabsorberande materiale.

Finansieringa av inntil krone 100.000,- eks mva vert å ta over disposisjonsfondet.

Det vert elles vist til vurderingane i saksframlegget nedunder.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Formannskapet gjorde følgjande samrøystes vedtak i B. sak 003/2022 i møte den 05.12.2022.

Det vert gjort følgjande tiltak for å redusere konflikt mot naboeigedomen gnr. 31 bnr 58.

1. **Det vert etablert eit meir støydempende basketballstativ.**
2. **Dei to leikehyttene vert flytta vekk frå grøntområdet og etablert inne på eigna stad på det regulerte skuleområdet.**

Kostnaden med å etablere støydempende stativ vert å ta over disposisjonsfondet.

Saka er no påklagd i brev dagsett 26.02.2023 frå Leif Bjarne Haukeland og Marit Haukeland. I klagen, som er vedlagt saka, skriv dei at dei er positive til at det vert kjøpt inn meir støydempende basketballstativ enn dei som er på bana i dag, men at dette berre løyser deler av støyen som vart målt av Sweco, sidan denne viste til to støykjelder (T1 og T2). Dei viser til at begge desse støykjeldene overgår den tilrådde grenseverdien på 60dB. T1, er pakking med ball, og denne vart målt til 63 dB og T2, kast på basketballstativet, vart målt til 68 dB skriv dei. Dei meiner difor at vedtaket som er gjort berre ivaretek støyen frå basketballstativet (T2) og ikkje støyen frå pakkinga med ball (T1).

I tillegg skriv dei at dB skalaen er ein logaritmisk skala for måling av støy, og at ein målt verdi på 63 dB, er det doble i høve den tilrådde verdien på 60 dB.

På bakgrunn av at vedtaket ikkje tok omsyn til den andre støykjelda (pakking av ball) klager dei difor på punkt 1 i vedtaket som vart gjort i formannskapet den 05.12.2023.

Vidare skriv dei at dei og klagar på punkt 2 i vedtaket som gjeld flytting av dei to leikehyttene, og peiker då på retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegginga (T-1442/2021) og vegleiar for støyvurdering ved etablering av nærmiljøanlegg (IS-1693). Dei skriv at dei meiner at skuleområde, skal reknast som nærmiljøanlegg, og viser til vegleiar. Ei flytting av den eine leikehytta bort til sandkassen, som er inne på det regulerte skuleområdet, meiner dei kan auke støyen i dette området, og at ei slik flytting skal definerast som ei nyetablering i medhald av vegleiar. I klagen vert det vist til tabell 3 i same vegleiar, om kva som bør vurderast i samband med nærmiljøanlegg, og at slike tiltak og skal vurderast av helsemyndighetene i kommunen i høve til støy.

Avslutningsvis klagar dei på sjølve sakshandsaminga med tilvising til same vegleiar, og med tilvising til forskrift om miljøretta helsevern sin § 4 og § 5, samt § 8 som gjeld faktorar i miljøet som kan ha innverknad på helsa. Dei meiner at sakshandsaminga har vore mangelfull, og at kommunen ikkje har følgd opp folkehelselova og vegleiar sine reglar.

Administrasjonen har alt gjennomført vedtaket, og dei to nye støydempende stativa og flytting av leikehyttene, har til saman kosta rundt krone 64.000 eks. mva.

Kartet nedunder viser kor leikehyttene no er lokalisert. Leikehytta nærmast klagar sin eigedom er plassert 4 meter frå nabogrensa. Denne lokaliseringa vart gjort etter ei fagleg vurdering i regi av tilsette, rektor, FAU leiar m.fl, og med følgjande grunngjeving gjeve frå referat frå møte på skulen den 06.02.2023: «*Grunngjeving: Dette er ei etablert leikesone for dei yngste elevane ved skulen. Leik i og rundt hyttene er ofte knytt til leik i og rundt sandkassa.*»



Vurdering

Administrasjonen vil vise til at ein i saksframlegget til formannskapet sitt møte den 05.12.2022 innstilte på at det og skulle etablerast ein støydempende vegg/ støyskjerm langs den delen som vender mot bustaden. Dette for å redusere støyen frå mellom anna pakking av ballar på bana, som i klagen og i støyrapporten er definert som støykjelde T1.

Formannskapet hadde her ei anna vurdering enn administrasjonen, og landa på at tiltak mot denne støykjelda ikkje var naudsynt. Nabolova sin § 2 slår fast at «Ingen må ha, gjera eller setja i verk noko som urimeleg eller uturvande er til skade eller ulempe på granneeigedom.» Tolegrensa må fastsetjast på bakgrunn av ein konkret og individuell vurdering av kvar eigedom. Kor tolegrensa skal gå ved ein skule er vanskeleg å vite, men no ligg det føre ein klage på akkurat dette punktet som må handsamast. Administrasjonen meiner framleis at etablering av ein støydempende vegg/ støyskjerm langs den delen som vendar mot bustaden, ville vore eit tiltak som kunne sikra at ein kjem under tolegrensa gjeve i nabolova. Det vert vist til at avstanden mellom bustaden og basketballbane berre er 15 meter, og at støyen er målt til 63 dB, noko som er over tilrådde støygrensar i følge rapporten frå Sweco. Kostnad med ein slik støydempende vegg på ca 20 meter vert stipulert til ein stad mellom krone 80.000 – 100.000,- eks. mva.

Om formannskapet er usamd i administrasjonen si vurdering bør dette grunnleggjast i vedtaket.

Når det gjeld leikehytta som er plassert 4 meter frå nabogrensa, meiner administrasjonen at dette ikkje kan definerast som noko nytt nærmiljøanlegg, og at regelverket knytt til «Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021), og «Veileder for støyvurdering ved etablering av nærmiljøanlegg (IS-1693), ikkje gjeld for eit slikt avgrensa/ mindre vesentleg tiltak. Ved å flytta leikehytta til denne staden ved sandkassa, har ein ivareteke skulemiljøet sine ønske om å samlokalisere dette til sandkassa og nært andre kvalitetar for borna. Vidare vil administrasjonen vise til at dei to leikehyttene no er lokalisert i myldrearealet på skulen, og at det her alltid har vore stor aktivitet, og at det også er ønskeleg at ungar skal vera aktive i dette uteområdet til skulen.

Når ein veg desse interessene opp mot naboens sine interesser, meiner administrasjonen at skuleelevane sine interesser og behov for lek og aktivitet skal vega tyngst.

Administrasjonen vil vidare vise til at skulen kom lenge før noverande eigarar kjøpte bustaden, og at

dei var vel vitande om at dei kjøpte ein bustad som ligg heilt inntil Sandnes skulen sitt uteområde. Den eldste delen av skulen vart bygd i 1964, og den nyaste delen kom i år 2000. Uteområdet vert og sporadisk nytta til ulike aktivitetar på kveldstid og i helgene, og det i samband med ulike arrangement. Naboar til ein skule må etter administrasjonen si vurdering forventa lyd frå skulen sine uteområde, også utanom skulen sine opningstider. Mindre endringar og utvikling av uteområda må og vera forventa, innanfor rimelege grenser.

For å koma klagaren litt i møte, jf. nabolova sin § 2 som slår fast at ingen må «*ha, gjera eller setja i verk noko som urimeleg eller uturvande er til skade eller ulempe på granneeigdom.*» kan ein redusere eventuelt støy frå den nærmaste leikehytta, ved at denne vert polstra innvendig med støyabsorberande materiale. Dette rår ein til vert teke inn i vedtaket. Då har kommunen også redusert eventuell unødvendig/ uturvande støy frå hytta.

Konklusjon

Rådmannen rår til at klagen dagsett 26.02.2023 frå Leif Bjarne og Marit Haukeland vert delvis teke til følge ved at det vert etablert ein støydempende vegg/ støyskjerm langs den delen som vender mot bustaden.

Leikehytta nærast klagar sin eigedom rår ein til ikkje vert flytta. For å redusera eventuell støy skal taket på innsida av denne hytta verta kledd med støyabsorberande (og i lite brennbart) materiale.

Formannskapet - 025/2023

FS - behandling:

Det vart sett fram forslag om å utsette saka.
Forslag om å utsette saka vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Saka vart utsett.

Formannskapet - 057/2023

FS - behandling:

Det vart gjennomført synfaring før saka vart handsama.

Saka vart drøfta.

Geir Egil Haugsvær (Sp) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Det vert iversett midlertidige tiltak for å redusere støyen frå skuleplassen, mens det vert gjort ein grundig utredning slik lov, forskrift og retningslinene pålegg kommunen.

Erlend Kvamdal (H) og Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram følgjande forslag til vedtak:

Rådmannen rår til at klagen dagsett 26.02.2023 frå Leif Bjarne og Marit Haukeland vert delvis teke til følgje ved at det vert etablert ein støydempande gummibelegg på bana

Leikehytta nærast klagar sin eigedom rår ein til ikkje vert flytta. For å redusera eventuell støy skal taket på innsida og utsida av denne hytta verta kledd med støyabsorberande (og i lite brennbart) materiale. Det skal i tillegg verte utforma slik at adgang til tak blir unngått.

Rådmannen sitt framlegg vart ikkje oppretthalde.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå Sp vart røysta opp mot forslaget frå H og Ap.

Framlegg til vedtak frå H og Ap vart vedteke mot to røyster Sp og KrF

FS - vedtak:

Rådmannen rår til at klagen dagsett 26.02.2023 frå Leif Bjarne og Marit Haukeland vert delvis teke til følgje ved at det vert etablert ein støydempande gummibelegg på bana

Leikehytta nærast klagar sin eigedom rår ein til ikkje vert flytta. For å redusera eventuell støy skal taket på innsida og utsida av denne hytta verta kledd med støyabsorberande (og i lite brennbart) materiale. Det skal i tillegg verte utforma slik at adgang til tak blir unngått.

Ungdomsrådet - 009/2023

UNG - behandling:

Torill orienterte om saka.

Ungdomsrådet tok saka til orientering.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

UNG - vedtak:

Ungdomsrådet tok saka til orientering.